

**1. Forslaget gjeld (sett kryss)**

**Endring:**

**Tillegg: X**

**Strykning:**

**Forslaget er fremja av: Simen J. Langeland (leiar AU)**

**Forslag til vedtak: Reglar for val av faddervekestyret skal fastsettast av Studentparlamentet, og inngå i vedtektene.**

Begrunning: Studentparlamentet ved AU og organisasjonskonsulent har pr i dag ansvar for oppfølging av Fadderveka, i form av oppfølging under fadderveke-perioden, og økonomiansvar. Parlamentet burde sikre at fadderveka har ein robust og forsvarleg ramme som sikrar god kvalitet for fadderveka i fremtida.

**Forslag til tekst i vedtektene:**

*§ 10 Val av Faddervekestyret*

- a) *Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val for Faddervekestyret.*
- b) *Dei som ynskjer å stille til val må sende skriftleg søknad til Arbeidsutvalet. Søknadsprosessen skal vare i minimum to veker. Denne prosessen må vere i gang innan utløpet av november, og dette har Arbeidsutvalet ansvaret for å promotere.*
- c) *Søklarane vurderast, og tilsetjing av faddervekestyret er eigen vedtakssak på møte i arbeidsutvalet så snart søknadsprosessen er avslutta.*
- d) *Faddervekestyret skal bestå av seks studentar:*
  1. *Leiar*
  2. *Fadderansvarleg*
  3. *Sponsoransvarleg*
  4. *PR-ansvarleg*
  5. *Arrangementsansvarleg*
  6. *(Ikkje til tekst i vedtektene: Namn på verv fastsettast av Studentparlamentet 06.11.2018 og skrivast då inn i vedtektene)*
- e) *Organisasjonskonsulenten i Studentparlamentet fører rekneskap for fadderveka i samarbeid med faddervekestyret. Det skal utarbeidast eigne retningslinjer for Fadderveka sitt rekneskap som skal presenterast for styret når dei er tilsett.*

## Forslag til endring av vedtekter

Til behandling på studentparlamentet 06.11.2018

f) *Faddervekestyret skal levere evalueringsrapportar frå kvar enkelt verv til arbeidsutvalet innan 15.oktober. For utfyllande informasjon om arbeidskrav for faddervekestyret, sjå «Arbeidskrav faddervekestyret».*

Vedtak:

---

### 2. Forslaget gjeld (sett kryss)

Endring:

Tillegg: X

Strykning:

Forslaget er fremja av: **Simen J. Langeland (leiar AU)**

**Forslag til vedtak: Utviding av faddervekestyret, frå 5 til det har vore før til 6 honorerte verv. Det nye vervet er arrangementsansvarleg.**

Begrunning: Tidligere år har vist seg at faddervekestyret er sårbart når dei består av 5 personar, og fråfall av eit medlem vil svekkje ressursane til styret drastisk. Eg ynskjer derfor at fadderveka utvidast til 6 personar og at styret frå og med 2019 skal ha to arrangementsansvarleg. Det er eit verv med mykje ansvar og med to personar vil det minske sannsynlegheita for at resten av styret må jobbe aktivt med arrangementansvar i tillegg til egne oppgåver.

Vedtak:

---

### 3. Forslaget gjeld (sett kryss)

Endring:

Tillegg: X

Strykning:

Forslaget er fremja av: **Trym N. Rimmen (nestleiar AU)**

**Forslag til vedtak: Utviding av faddervekestyret, frå 5 som det har vore før til 6 honorerte verv. Det nye vervet er nestleiar.**

Begrunning: Ved at det nye vervet i styret er nestleiar, er styret i Fadderveka er fristilt til å bestemme kva arbeidsoppgåver nestleiar skal gjere, sånn at ressursane kan brukast der dei trengs mest. Nestleiar er stadfortredar for leiar ved leiars fråver.

**Vedtak:**

---